



HAV LIV SAMFUNN



STRATEGI 2016–2022 // UNIVERSITETET I BERGEN



1 DET MEDISINSK-ODONTOLOGISKE FAKULTET: Her vert ny kunnskap for betre helse gjennom forskning på høgt internasjonalt nivå skapt, med samfunnsretta utdanning, formidling og innovasjon.

2 FAKULTET FOR KUNST, MUSIKK OG DESIGN: Eit nytt fakultet med mål om utdanning, kunstnarisk utviklingsarbeid, forskning og formidling innan kunst, musikk og design vart oppretta 1. januar 2017. Planen er å samle heile fakultetet på Møllendal i Bergen.

3 DET MATEMATISK-NATURVITSKAPLEGE FAKULTET: Forskinga her handlar om alt frå å forstå naturen og miljøet rundt oss, til opphavet og byggjesteina til universet og livet.

4 UNIVERSITETSMUSEET I BERGEN: Museet forvaltar vitenskaplege samlingar og dokumenterer og kommuniserer kunnskap om natur- og kulturhistoria vår til dagens og komande generasjonar.

5 DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET: Samfunnsvitenskapane gir oss innsikt i og forståing om kva samfunn og sosiale relasjonar er, og gir oss kunnskap til å løyse samfunnet sine utfordringar.

6 DET HUMANISTISKE FAKULTET: Humaniora er faga som fordjupar seg i og problematiserer menneskeslekta si historie, språk, verdjar, kultur og kunst.

7 DET PSYKOLOGISKE FAKULTET: Eit breiddefakultet som i tillegg til psykologi driv forskning og tilbyr utdanning i helsefremjande arbeid, logopedi, pedagogikk, barnevern og kjønns- og utviklingsstudiar.

8 DET JURIDISKE FAKULTET: Juss handlar om lov og rett, om tolking av lovar og reglar, om å oppretthalde og utvikle rettssamfunnet.

- 5 HAV, LIV, SAMFUNN
- 6 VI UTFORSKAR
- 8 VI UTDANNAR
- 10 VI UTVIKLAR
- 12 VI UTFORDRAR
- 14 KUNNSKAP SOM FORMAR SAMFUNNET
- 16 STRATEGISKE MÅL 2016–2022
- 24 TILRETTELEGGING

HAV LIV SAMFUNN

Det går ein raud tråd frå skjeletta i Hvalsalen på Naturhistorisk museum via Fridtjof Nansens banebrytande studiar av slimålens nerveceller til den framifrå geobiologiske djuphavsforskinga som vert gjord i dag.

Frå Armauer Hansens oppdaging av leprabasillen til framifrå forskning på kreftmarkørar via banebrytande hjerneforskning til intervensjonsstudiar på mors- og barnehelse i Afrika og Asia.

Frå Bergensskulen i meteorologi til Bjerknessenteret for klimaforskning.

Frå Stein Rokkans verdskjende studiar av politiske prosessar og konflikter til tverrfakultært samarbeid om demokrati- og rettsstatsforskning.

Frå 1800-talets framvekst av unike samlingar, arkiv og ordbøker til dagens prislønte mellomalderstudiar og arkeologiske utgravingar.

Det går ein raud tråd gjennom det akademiske miljøet som har vakse fram på Nygårdshøyden, Haukelandsområdet og Årstadvollen, og som no utgjer eit internasjonalt forskingsuniversitet: Hav, liv, samfunn.

Vi skal bygge vidare på tradisjonane og vere eit nyskapande universitet, der grenser mellom fag vert kryssa og kunnskapsfrontar flytta, på vegen mot eit berekraftig globalt samfunn.

VI UTFORSKAR

Forskarar og studentar ved Universitetet i Bergen utforskar grunnleggjande spørsmål – heilt frå opphavet til universet, via historia til menneska, til framtida til jorda.

Vi satsar sterkt og langsiktig på grunnforskning. All forskinga vår skal halde høg etisk standard og vise tydeleg ansvar for samfunnet.

Vi skal føre vidare satsinga på områda marin forskning, globale samfunnsutfordringar og klima og energiomstilling.

Vi skal utnytte og utvikle dei unike høva breiddeuniversitetet har til fagleg mobilisering, fordjuping og samarbeid på tvers av faggrenser.



Universitetet i Bergen skal samle dei beste talenta blant forskarar og studentar.

Universitetet skal vere eit naturleg møtepunkt for forskning, utdanning og formidling av høg internasjonal kvalitet.

Forskarane og studentane våre skal saman skape nye innsikter for å møte dei komplekse utfordringane samfunnet står framfor.

Vi skal tilby forskarutdanning av høg, internasjonal kvalitet i alle fagmiljø. Ph.d.-kandidatane våre skal bidra aktivt i nasjonale og internasjonale forskarnettverk.

Vi skal gå i bresjen for å bygge sterke kunnskaps- og kompetansemiljø på Vestlandet.



1 HAVET: Senter for geobiologi er eit senter for framifrå forskning som utforskar djuphavet på jakt etter kunnskap om den tidlige utviklinga på jorda og korleis livet oppsto.

4 KREFT: Centre for Cancer Biomarkers (CCBIO) er eit senter for framifrå forskning kor ein ser på korleis kreftceller vert påverka av mikromiljøet i svulstane, og kva dette tyder for korleis kreften spreier seg.

2 HJERNEN: På Det psykologiske fakultet driv meir enn 20 forskingsgrupper med alt frå eksperimentell grunnforskning til feltstudiar, intervju og arbeid i avanserte laboratorium.

5 MIDDELALDEREN: Middelalderforskninga står sterkt ved Universitetet i Bergen, og forskarane har hausta internasjonal anerkjenning for arbeidet sitt.

3 OPPDRETT: Sea Lice Research Centre bidreg til auka verdiskaping innan oppdrettsnæringa og forskar på berekraftige løysingar for å løyse lakselusproblemet.

6 DET KALDE NORD: UiB har lange tradisjonar og eit tverrfakultært nettverk innan polarforskning. Mange studentar gjer feltarbeid i nord.

VI UTDANNAR

Gjennom eit breitt spekter av studieprogram utdannar vi kandidatar som er rusta for å bidra til eit samfunn basert på kunnskap, kompetanse og demokratiske verdiar.

Vi tilbyr studentane våre framifrå utdanning bygd på forskning, frå grunnutdanning til doktorgrad, i etter- og vidareutdanning. Kunnskap, vitskapleg danning, kritisk refleksjon, utøvande ferdigheiter og personleg utvikling skal vere grunnstamma i utdanningsprogramma våre.






Vi verdset verdien av høg undervisningskompetanse og vil rekruttere og utvikle gode undervisarar. Vi skal legge til rette for studentaktive lærings situasjonar som fremjar innsikt i forskning, samhandling og utbytte av læring.

Vi skal vere leiande på nye og innovative digitale lærings- og formidlingsformer.

Nye utfordringar krev samansette løysingar og perspektiv frå ulike fag.

Vi skal tilby høve for studium og forskarutdanningar som går på tvers av fag og fakultet. Vi skal utdanne framtidens problemløysarar og kritiske røyster.

Vi skal fortsette å utvikle den internasjonale verksemda vår. Alumnane våre skal bidra med forskingsbasert kunnskap og kompetanse i heile verda.



1 UTVEKSLING: Årleg reiser rundt 750 UiB-studentar ut til våre samarbeidsuniversitet rundt om i verda, og vi tek i mot kring 1000 internasjonale studentar til UiB.

4 I FELTEN: Centre for Intervention Science in Maternal and Child Health (CISMAC) jobbar for å betre helsa til mødrer og barn i låginntektsområde i Asia og Afrika sør for Sahara.

2 TAR DEL I FORSKINGA: Undervisninga på UiB er forskingsbasert. Her får elevlar frå vidaregåande skule vite meir om klimaforskning under Open dag på universitetet.

5 NYE DOKTORAR: Kvart år vert kring 250 doktorar kreerte ved UiB. Alle fakulteta på universitetet tilbyr ph.d.-utdanning, og det finst meir enn 30 forskarskular på ph.d.-nivå.

3 DIGITAL UNDERSVISING: Studentar på profesjonsstudiet i psykologi får undervisning i internettbasert behandling av psykiske lidingar.

6 STUDENTAR I PRAKSIS: UiB skal utdanne dei mest attraktive kandidatane i Noreg. Her får studentar frå faget Samanliknande politikk sin arbeidslivs praksis i Bergen Næringsråd.

VI UTVIKLAR

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda – globalt, nasjonalt og lokalt – skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, dugleik og haldningar. Våre tilsette og studentar skal vere attraktive deltakarar i internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid.



Vi skal vere ein sterk forskings- og utdanningspolitisk aktør, og levere premissane i utviklinga av internasjonale og nasjonale forskingsstrategiar og -prioriteringar.

Vi skal fortsette å utvikle dialogen og samhandlinga med offentlege styresmakter, med avgjerdstakarar og samfunnet elles.

Vi skal fremje intern samhandling og ein felles identitet gjennom eit mangfald av samarbeidsformer i dei ulike fagfelta våre.

Universitetet i Bergen skal samarbeide med andre forskingsinstitusjonar om å bygge kunnskapsklynger for nyskapande forskning, utdanning og innovasjon.

Vi skal skape møteplassar for nye generasjonar av internasjonale forskarar og vere ein pådrivar for nytenking og kunnskapsdeling.



1 GRIEGAKADEMIET – INSTITUTT FOR MUSIKK: UiB har lenge utdanna utøvande og skapande musikarar. Med det nye fakultetet for kunst, musikk og design skal UiB også utdanna kunstnarar og designarar.

4 ROMFORSKING: Birkeland Centre for Space Science er eit senter for framifrå forskning som undersøker samanhengen mellom jorda og verdsrommet.

2 MEDIA CITY BERGEN: Denne medie-klynga gir UiB høve til å skape eit miljø for praktisk medieutdanning og praksis-nær forskning som er unikt i Noreg og internasjonalt.

5 NETTBASERT UNDERVISNING: Kurset Causes of climate change er utvikla av Universitetet i Bergen og Bjerknessenteret for klimaforskning, og er tilgjengeleg for fleire millionar studentar på nett.

3 STUDENTMEDIA: Medium som studentavisa Studvest er viktige for utvikling av verdiar og haldningar i universitetssamfunnet.

6 FORSKINGSDAGANE I BERGEN: Forskingsdagane skapar begeistring og forståing for forskning, og formidlar kva forskingsresultata tyder for oss i kvardagen.

VI UTFORDRAR

Forskning, utdanning og innovasjon gir kunnskap og kompetanse som er avgjerande når det skal takast viktige avgjerder. Forskarane og studentane våre skal bidra med innsikt og formidling av kunnskap i den offentlige debatten.

Vi vil utfordre kunnskapsfronten og konvensjonelle idéar gjennom kritisk analyse og ved å gjere kunnskap tilgjengeleg for alle.





Vi skal gjennom forskning og utdanning bidra til å utfordre maktstrukturar og fremje eit mangfaldig og berekraftig samfunn.

Vi skal framstå som ein nasjonal kulturinstitusjon og ein smeltedigel for nye idéar, innovasjon og nye læringsformer.

Vi skal vere ein møtestad for medarbeidarar, studentar og samfunnet ikring og ein attraktiv arena for livslang læring.

Vi skal ha eit sterkt, levande og ope universitetsdemokrati som er raust, mangfaldig og prega av dialog.

Universitetet i Bergen vil legge til rette for ein open og kritisk diskusjon av heile si verksemd.



1 FORMIDLING: Kvar dag er forskarane våre til stades i nyheitsmedia og andre kanalar for å setje aktuelle tema i perspektiv.

4 BARN OG VITSKAP: I samband med opninga av Universitetsaulaen inviterte UiB sjetteklassingar frå Bergen til Barneuniversitetet, med spanande føredrag frå middelalderhistorie til juss og strafferett.

2 TREFFPUNKT: På den årlege Christie-konferansen møtest avgjerdstakarar og nøkkelpersonar frå næringsliv, kulturliv, offentleg verksemd, frivillige organisasjonar og media.

5 STORSTOVE FOR VESTLANDET: Universitetsaulaen er den sentrale møteplassen mellom universitetet og kultur, samfunns- og næringsliv.

3 PÅ LUFTA: Studentradioen er den eldste lokalradioen i Bergen, og vart starta i 1982. Kvar veke sender dei sju redaksjonane i kanalen 119 timar reklamefri radio.

6 STUDENTENGASJEMENT: Studentersamfunnet i Bergen er det største politiske uavhengige forumet for samfunns- og kulturdebatt på Vestlandet. Ein arena for fritt ordskilde og formidling av vitskaplege, politiske og kulturelle spørsmål.

KUNNSKAP SOM FORMAR SAMFUNNET

Universitetet i Bergen sin strategi 2016–2022 "Hav, liv, samfunn" viser verdigrunnet vårt, posisjonen og rolla vår, og korleis prioriteringane våre vert sette for å utvikle Universitetet i Bergen vidare i tråd med dette.

Universitetet i Bergen har vore, er og skal vere eit internasjonalt forskingsuniversitet der all aktivitet er tufta på akademisk fridom og forskning driven av nyfikenheit.

Oppdraga våre er å bidra med kompetanse til samfunnet gjennom framifrå forskning, utdanning, formidling og innovasjon.

Fakulteta og Universitetsmuseet representerer dei viktigaste kunnskapsarenaene for oss.

Vi skal vise fram relevansen av forskning og utdanning. Meiningsbryting og kunnskapsformidling er ein føresetnad for å utvikle akademien og eit demokratisk samfunn.



STRATEGISKE MÅL 2016–2022

UiB skal utvikle fleire leiande forskingsmiljø. Innan 2022 skal alle fakulteta våre ha fagmiljø i verdensklasse og fleire fagmiljø av høg internasjonal standard.

DETTE SKAL VI OPPNÅ:

Ved å ha sterke fagdisiplinar i eit breitt utval av fagområde. Forskarane våre skal ha ei omfattande publisering av funna sine i velrenommerte kanalar og få gjennomslag i dei største internasjonale forskingsprogramma.

Ved å samarbeide internasjonalt om forskning og utdanning. Vi skal legge til rette for at doktorgradskandidatane våre kan dra ut på internasjonale forskingsopphald, og bruke professor II-ordninga i rettleiing av dei. Utdanninga skal knytast tett opp til dei framifrå forskingsmiljøa våre.

Ved å legge til rette for fagleg utvikling innanfor satsingsområda våre og profilere dei aktivt.

Ved å utøve tydeleg strategisk eigarskap i forskings-selskapa våre.

Ved å etablere nye arbeidsmetodar for å organisere og leie fagleg samarbeid som kryssar grensene mellom fag og fakultet på ein betre måte.

Ved å vidareutvikle Universitetsbiblioteket til å verte eit framifrå bibliotek for forskning og læring, i samarbeid med andre leiande universitet i Noreg og internasjonalt. Vi skal legge til rette for at samlingane ved Universitetsmuseet skal verte blant dei fremste i Europa.

UiB skal utdanne dei mest attraktive kandidatane i Noreg. Innan 2022 skal 85 prosent av kandidatane ha relevant jobb to år etter fullført utdanning.

DETTE SKAL VI OPPNÅ:

Ved å tilby forskingsbasert utdanning, oppfølging og rettleiing av høg kvalitet frå sterke fagmiljø, og ta eit nasjonalt ansvar på utdanningsområde der vi har gode faglege føresetnader og høg kompetanse. Vi skal etablere fleire senter for framifrå utdanning (SFU) og aktivt medverke til at flest mogleg gjennomfører studia sine med eit godt læringsutbytte. Vi ønsker å tiltrekke oss dei mest motiverte studentane og rekruttere særskilt talentfulle forskarar tidleg i karriereløpet.

Ved å sikre at det er god samanheng og progresjon mellom bachelor-, master- og ph.d.-graden. Innan 2022 skal andelen som gjennomfører bachelorprogramma, ha auka. På mastergrad skal han ha auka til 80 prosent. Vi skal legge til rette for at doktorgradsarbeid kan gjerast ferdige på normert tid.

Ved å skape læringsarenaer og arbeidsformer som fremjar god fagleg integrasjon og som stimulerer studentane til innsats. Undervisarane våre skal alltid vere opptatt av å utvikle sin eigen

undervisningskompetanse, og skal raskt ta i bruk hensiktsmessige nye undervisnings- og vurderingsordningar. Digitale læringsarenaer skal vere ein viktig del både av universitetet si etter- og vidareutdanning og av det globale utdanningsengasjementet vårt. Innan 2022 skal minst 50 prosent av undervisarane våre ha deltatt på etterutdanning i universitetspedagogikk.

Ved å ha eit utbreidd samarbeid med dei beste utdanningsinstitusjonane internasjonalt. Innan 2022 skal minst 40 prosent av kandidatane våre ha eit utvekslingsopphald som ein del av graden sin. Talet på innreisande studentar skal ha auka med 20 prosentpoeng.

Ved å utvikle Bergen som forskings- og utdanningsby i tett samarbeid med dei andre forskings- og utdanningsinstitusjonane i byen. Vi skal bruke kunnskapsklyngene våre aktivt til å utvikle nye utdanningsløp og utdanningsformer, også på tvers av utdanningsinstitusjonane i Bergen og på Vestlandet.

bioCEED – SENTER FOR FRAMIFRÅ UTDANNING

I bioCEED får studentane praktisk erfaring frå utplassering i forskning, næringsliv og forvaltning alt frå første semester. Senteret tek i bruk ny teknologi og utradisjonelle metodar for å utdanne biologar for framtida.



UiB skal innan 2022 vere ein ettertrakta kompetanseinstitusjon som har styrkt sine langvarige relasjonar med styresmakter, næringsliv, kulturliv og samfunnsliv.

UiB skal bidra i det offentlege ordskiftet og til kunnskapsbasert samfunnsutvikling gjennom god formidling og dialog med omverda. Innan 2022 skal vi vere leiande i Noreg på digital formidling.

DETTE SKAL VI OPPNÅ:

Ved å utdanne kandidatar som møter krava samfunnet har til forskingsbasert kompetanse. I tillegg til å ha utdanningsprogram av høg kvalitet frå sterke fagmiljø skal vi legge til rette for praksisopphald i studia. Dette vil vi gjere i samarbeid med næringsliv, organisasjonar, forvaltning og forskingsinstitutt.

Ved å initiere og legge til rette for forskingsprosjekt i skjeringspunktet mellom universitetet og omverda.

Ved å invitere til auka samarbeid med forskingsinstitusjonane UiB har eigarskap til, og med relevante aktørar innanfor helse- og utdanningssektoren – som Helse Vest, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Ved å gjere kompetansen og prestasjonane til kandidatane våre synlege for ein brei og allsidig arbeidsmarknad, og styrke og profilere etter- og vidareutdanning som ein del av det samla utdanningstilbodet ved UiB.

Ved aktivt å ta i bruk ordninga med forskar-rekruttering i næringslivet og offentleg forvaltning gjennom programma «Nærings-ph.d.» og «Forvaltnings-ph.d.».

Ved å lytte til og satse offensivt på alumnane våre i inn- og utland som ambassadørar for universitetet.

DETTE SKAL VI OPPNÅ:

Ved å utnytte breidda i forskning og utdanning ved Universitetet i Bergen og aktivt formidle kompetansen kandidatane våre har ved fullførte studium. Dette gjer vi parallelt med ei effektiv formidling av forskingsresultat, innovasjon og kunstnarisk verksemd ved UiB.

Ved at kommunikasjon, formidling og samfunnsansvar vert ein endå større del av verksemda i både fagmiljø og hjå dei tilsette.

Ved å vidareutvikle Bergen Teknologioverføring som instrument for universitetet i kommersialisering av nye idéar.

Ved å delta aktivt i nasjonalt, nordisk, europeisk og internasjonalt samarbeid om større forskingsinfra-

struktur og forskingssenter, og ved å legge vekt på open tilgang til forskingsresultat og forskingsdata.

Ved styrke formidlinga av kunnskapen og kompetansen som finst ved Universitetsmuseet og Universitetsbiblioteket kan vi sikre oss at denne i høgare grad både vert etterspurd og ikkje minst vert aktivt tatt i bruk av samfunnet.

Ved å tydeleggjere UiB si rolle som ein viktig møtestad for formidling og fagleg aktivitet, og aktivt bruke Universitetsaulaen til viktige arrangement og konferansar.



TILRETTELEGGING

For å utføre oppdraga våre, gjennomføre visjonane og nå dei strategiske måla våre er enkelte verkemiddel, føresetnader og ressursar særleg viktige. Desse skal konkretiserast i tiltaksplanar, handlingsplanar og delstrategiar som skal utviklast i samarbeid med organisasjonen vår og med samarbeidspartnarar gjennom heile strategiperioden.

FINANSIERING FOR Å NÅ MÅLA VÅRE

Ein stabil og føreseieleg økonomi er avgjerande for at strategien skal oppfyllast. Etableringa av fleire leiande forskingsmiljø krev både auka ressursar, langsiktige investeringar i infrastruktur så vel som naudsynte løns- og driftsmidlar. Skal UiB nå målet om å halde høg, internasjonal fagleg kvalitet, må bidrags- og oppdragsfinansieringa styrkast. Inntekter frå Forskningsrådet og EU er spesielt viktig.

TVERRFAGLEG FOR Å MØTE UTFORDRINGAR I SAMFUNNET

Vi vil greie ut og etablere gode modellar og insentiv for forskning, forskarutdanning og undervisning på tvers av fakultet og fag, og bygge vidare på tematiske satsingar som gjennom høg fagleg kvalitet bidreg til å svare på dei store samfunnsutfordringane i vår tid.

KLYNGER FOR KUNNSKAPSMILJØ I VERDSKLASSE

Å etablere kunnskapsklynger er ein av fleire arbeidsmetodar for å oppnå måla til UiB om å utvikle framifrå forskings- og utdanningsmiljø. Klyngene skal tuftast på tverrfagleg samarbeid for å løyse komplekse tema. Klyngene må etablerast på område der UiB alt har høg internasjonal fagleg kvalitet, men også der det er høve til omfattande samarbeid mellom fagmiljø internt ved UiB og eksterne partnerar i forskingsinstitusjonar, næringsliv, forvaltning og kultur- og samfunnsliv. Verksemda må i stor grad finansierast gjennom eksterne midlar.

FØLGANDE KLYNGER ER UNDER UTVIKLING:

Medieklynga «Media City Bergen»; marin forskingsklynge; ei kunnskapsklynge for helsefaga, «Helsecampus Årstadvollen»; klimaforskingsklynge; ei kunnskapsklynge for framtidens energi- og teknologiløysingar; ei klynge for mellomalderforskning.

INFRASTRUKTUR FOR BANEKRYTTANDE FORSKING, UTDANNING OG FORMIDLING

Universitetet skal ha moderne vitenskapleg utstyr, forskings- og utdanningsfasilitetar, så vel som tenester frå Universitetsbiblioteket og Universitetsmuseet og forvaltning av dei vitenskaplege samlingane. Planane og strategiane våre skal innehalde mål og prioriteringar for dette.

KUNNSKAPSFORIDLING OG SAMFUNNSDIALOG

Aukande konkurranse om både studentar og forskingsmidlar, nasjonalt og internasjonalt, krev ei aukande satsing på profilering og synleggjering: av fag, forskingsresultat, læringsmiljø, studentliv og rolle og tyding for samfunnet rundt. Vi vil vise samfunnsengasjement og ansvar gjennom aktiv dialog med omverda.

DIGITALISERING GIR NYE MOGLEGHEITER

Digitalisering og bruk av ny teknologi fremjar innovasjon i både forskning, utdanning, formidling, forvaltning og administrasjon, og gjer kunnskapen og dei omfattande samlingane ved universitetet tilgjengelege for nye grupper i samfunnet. UiBs nettsider og nettbaserte tenester for god kommunikasjon med publikum, tilsette og studentar skal utviklast vidare. I tillegg skal brukarvenlege og lett tilgjengelege digitale arbeidsprosessar frigjere administrative ressursar til andre formål ved UiB.

INTERNASJONALT SAMARBEID – UNIVERSITETET I VERDA

Kunnskap og kompetanse vert i aukande grad utveksla på tvers av landegrensar, og internasjonalt samarbeid er prega av aukande konkurranse mellom utdannings- og forskingsinstitusjonar og ei rekke andre aktørar. Føresetnaden for å lykkast i ein skjerpa konkurranse er at undervisninga og forskinga vår har høg kvalitet, og at fagmiljøa framstår som attraktive samarbeidspartnarar. Samtidig må UiB bidra til å løyse globale utfordringar og sørge for kompetansebygging, sjølv der forskinga ikkje har umiddelbar nytteverdi eller bidreg til å fremje nasjonale interesser. Kandidatane våre skal få kompetanse og initiativ til å fremje ei berekraftig utvikling.

EIN NYSKAPANDE OG FUNKSJONELL ORGANISASJON

Universitetet skal vere ein god, inspirerende og inkluderande arbeidsplass for studentane og medarbeidarane våre. Implementeringa av strategien til UiB krev ein velfungerande organisasjon, med effektive og framtidretta administrative og tekniske tenester tilpassa oppgåvene til universitetet innanfor forskning, utdanning, formidling og innovasjon.

GOD REKRUTTERING

For eit universitet er menneska den viktigaste ressursen. Stabilitet og føreseielegheit i form av trygge stillingsrammer er viktig i langsiktig strategisk akademisk arbeid. Å få tak i fleire gode medarbeidarar – både faglege, administrative og tekniske – vil vere avgjerande i strategiperioden.

LEIARUTVIKLING

Ein skal utøve inkluderande leiing tufta på respekt, mangfald, dialog, openheit, ærlegdom, tillit og etterrettelegheit i heile verksemda. UiB har lange tradisjonar for å utvikle markante faglege leiarar som bygger opp sterke forskings- og utdanningsmiljø.

EIT ATTRAKTIVT LÆRINGSMILJØ

Alle fakulteta skal ha mottaksstrategiar som gir ein god start for studentane både fagleg og sosialt. Eit attraktivt læringsmiljø krev også den beste undervisningskompetanse blant våre vitenskapleg tilsette. Læringsmiljøet skal utviklast i samanheng med satsinga på infrastruktur, der særleg undervisningsrom og studieareal av god kvalitet vert prioritert.

EVALUERING

Universitetetsstrategien er ein integrert del av heile verksemda til universitetet. Ambisjonen vår er å vere eit internasjonalt forskingsuniversitet og ein sentral premissleverandør i utforminga av dagens og morgondagens samfunn. I 2019 vil vi involvere studentar og alle tilsette i ein gjennomgang og evaluering av verkemidla og tiltaka våre.





uib.no/strategi